



# VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I GAULAR

Vedteken i Gaular kommunestyre: 19.06.2017

## 1. FØREMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettane.

Borna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

## 2. LOVER OG FØRESKRIFTER

Barnehagane vert drivne i samsvar med "Lov om barnehagar" og gjeldande retningslinjer og føreskrifter frå Kunnskapsdepartementet. Rammeplanen og årsplanen til den enkelte barnehage er med og styrer aktivitetane utover i året.

## 3. EIGARTILHØVE

Gaular kommune er eigar av Bygstad barnehage og Viksdalen barnehage.

## 4. OPPTAK

Det er eitt opptak i året.

Søknad om opptak skjer elektronisk – etter kunngjering i lokalavisa og på heimesida til Gaular kommune.



Styrar innstiller til opptak av born. Gaular kommune gjer opptak av born til barnehagane.

Dersom det ikkje er plass i den barnehagen barnet sokner til, kan barnet få tilbod om plass i annan barnehage i kommunen.

Opptakskrins er i utgangspunktet den same som skulekrinsen. Dersom særlege grunnar tilseier det kan dette fråvikast.

Ved opptak vil ein ta opp born til barnehagestart. Søknader som omhandlar seinare oppstart vil bli sett på venteliste.

Vedtak om tildeling av plass kan gjerast om dersom søkjar medvite har gjeve feil opplysningar og desse har vore avgjerande for tildeling av plass.

Søklarar i barnehageåret får tildelt plass dersom det er ledig. Styrar har mellom hovudopptaka mandat til å:

- tildele plass etter prioritert venteliste
- føreta opptak av nye søklarar
- handsame søknader om endring av barnehageplass.

## 5. OPPTAKSKRITERIUM

Barn med lovfesta rett til barnehageplass, og søker innan fristen for hovudopptak har rett på barnehageplass. Barn som ikkje har rett på plass kan tildelast plass etter følgjande kriterium:

1. Psykisk eller fysisk utviklingshemma barn, om sakkunnig vurdering tilseier at barnet har nytte av opphaldet. I tillegg barn som er tilvist frå helsestasjonen, PPT, eller medisinsk eller sosial institusjon.
2. Barn frå heimar med særleg vanskelege utfordringar som tilseier at søknad skal handsamast på særskilt grunnlag, t.d. sjukdom, sosiale vanskar eller framandspråklege.
3. Barn av einslege foreldre, i saker der plass er avgjerande for barnet og familien sin situasjon.
4. Barn som skal byrje på skulen komande skuleår.
5. Barn med få leikekameratar i nærmiljøet, og nytilflytta.
6. Andre barn etter alder.
7. Søskjen prioriterast i same barnehage.

Om særlege grunnar tilseier det, kan kriteria fråvikast, for eksempel der barnehageplass er avgjerande for å rekruttere / behalde viktig fagpersonell til kommunen.

Dei som ikkje får plass ved første inntak, vert sette på venteliste i prioritert rekkefylgje. Blir det ledige plassar, skal dei tilbydast til dei som står først på venteliste.



## 6. OPPTAKSPERIODE

Barnet får plass i barnehagen fram til skulepliktig alder, så sant det blir betalt for plassen i tide. Dei som ikkje ønskjer å behalde plassen neste år, må gje skriftleg melding om dette innan 1. mars.

Dersom barnet flyttar til annan kommune, misser det plassen i barnehagen. Om ein ønskjer å endre på storleiken på plassen må det søkjast elektronisk. Fridagar ved redusert plass avtalast med styrar.

Blir ein tildelt plass ståande ledig i meir enn ein måned utan at det blir gjeve noko melding, blir plassen trekt tilbake.

## 7. OPPSEIINGSFRIST

Det er ein måned oppseiingsfrist på barnehageplassen gjeldande frå 1. i månaden. Oppseiinga skal vere skriftleg innan den 30. i månaden. Oppseiing av plass med verknad frå 1. mai og seinare i barnehageåret (det vil seie oppseiing etter 1. april og seinare,) kan ikkje godkjennast, dersom ikkje særskilde grunnar tilseier det, som f.eks. ved flytting. Søknad skal i så høve sendast skule-/kulturutvalet.

## 8. KLAGEHANDSAMING

Klage på barnehageopptak går til ny vurdering i administrasjonen, med grunngjeving frå styrar. Dersom klagen ikkje vert i møtekomen, vert den sendt for endeleg handsaming i skule- og kulturutvalet. Klagefrist på vedtak er tre veker etter at ein har motteke melding om avgjerd på søknad. Klagehandsaminga vert avslutta vanlegvis i månadskiftet juni/juli.

## 9. FORELDREBETALING

Ein kan velje mellom ulike storleikar på plassane. Kommunen kan no tilby plassar på, 60, 80 og 100 %.

Kommunestyret avgjer betalingsattsane. Foreldrebetaling skal ikkje setjast høgare enn ei maksimalgrense. Maksimalgrensa vert fastsett av Stortinget og gjeld for eit heildags ordinært barnehageetilbod innanfor gjeldande lov og forskrift.

Det vert gjeven syskenmoderasjon; 30% for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire. Berre ein familie kan få moderasjonen for eit barn. For å reknast som familie må borna bu på same folkeregistrerte adresse.

Det barnet som startar først i barnehage, evt. eldste barn, vert rekna som 1. barn osb. Dette gjeld sjølv om sysken går i ulike barnehagar innan kommunen.



Foreldrebetalinga kan setjast høgare enn maksimalgrensa dersom barnehagen elles ville bli lagt ned av økonomiske årsaker eller at kvaliteten på tilbodet ville bli råka. Unntak krev samtykke frå foreldrerådet.

Fastsetjing av foreldrebetaling kan påklagast til Fylkesmannen.

Inntektsgradering vert innført om det vert lovkrav om dette.

Ein betaler for 11 månader i året. August er betalingsfri månad.

Ein er økonomisk ansvarleg for plassen om han ikkje er oppsagd. Dersom ein ikkje betalar for plassen i to mnd. kan plassen bli oppsagt.

Betaling av eventuelle mat- og mjølkepengar vert fastsett av samarbeidsutvalet i den einskilde barnehage der ein tek omsyn til lokale tilhøve. Desse skal dekke kostpris.

Om eit barn er langvarig sjukt, og difor ikkje kan gå i barnehagen, kan foreldre søkje om betalingsfri for den perioden barnet er sjukt. Det må føreligge erklæring frå lege om at barnet ikkje er i stand til å gå i barnehage. Fråværet må vere over 2 mnd.

## **10. OPNINGSTID**

Barnehageåret startar ved skulestart.

Dagleg opningstid er frå 7.00 – 16.30.

## **11. FERIE**

Viksdalen Barnehage held stengd 3 veker primært i juli. Bygstad barnehage har ope heile året. Ferieavviklinga i barnehagane som har ope om sommaren, strekkjer seg frå skuleslutt i juni til skulestart i august.

Borna skal ha minst tre veker ferie i løpet av den tida barnehagen har ferieavvikling. Melding om når borna tek sommarferie skal gjevast skrifteleg til styrar i barnehagen seinast 01.05.

24. og 31. desember held barnehagane stengt.

Ein har behovsprøving for å sjå om barnehagen skal halde ope, og kor lenge, mellom jul og nyttår, i påske-, haust- og vinterferien. Onsdag før påske stengjer barnehagen kl.12.00.

Det må vere minimum 6 born påmeldt for å halde ope når det er behovsprøving.

## **12. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL FOR BARN**

Leike- og opphaldsarealet skal vere 6 m<sup>2</sup> pr. born under 3 år, og 4 m<sup>2</sup> for born over 3 år. Uteområdet bør vere seks gongar større.



### 13. TILSETJING OG PERSONALE

Personalet i dei kommunale barnehagane er tilsette i Gaular kommune. Den som skal arbeide i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest. Attesten må ikkje vere eldre enn 3 månader. Nye tilsette må fylle ut skjema for MRSA og tuberkulose, og orientere seg om reglar for teieplikt.

Kvar barnehage skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leing som har den daglege leiinga av verksemda. Barnehagen skal ha dagleg leiar som har utdanning som barnehagelærer eller annan høgskuleutdanning som gjev barnefagleg og pedagogisk kompetanse.

Pedagogiske leiarar skal ha utdanning som barnehagelærer. Likeverdig med barnehagelærerutdanning er anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Vert det søkt om dispensasjon frå dette kravet, skal søknaden handsamast av skule- og kulturutvalet.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Bemanninga må vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei god pedagogisk verksemd.

Ein tilsett kan ha ansvaret for inntil tre barn under tre år, og seks barn over tre år. Det skal vere ein pedagogisk leiar pr. 14 – 18 barn når borna er over 3 år og når det er 7 – 9 born under tre år og borna si daglege tid er over seks timar. Dersom ein har 19 born over tre år og 10 born under tre år, utløyser det krav om to pedagogar i full stilling. Norma skal vere oppfylt for barnehagen samla.

Barne- og ungdomsarbeidarar bør utgjere minst 25 prosent av barnehagens grunnbemanning.

### 14. PLANLEGGINGSDAGAR

Dei kommunale barnehagane har fem planleggingsdagar i barnehageåret. Desse dagane vert nytta til kompetanseheving, organisasjonsutvikling, planlegging og evaluering. Planleggingsdagane bør samanfalle med skulen sine planleggingsdagar så langt som råd.

### 15. TEIEPLIKT

Alle som arbeider i barnehagen har teieplikt. Dei pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til det han/ho får vite om nokon sine personlege tilhøve gjennom stillinga si.

Barnehagepersonalet skal likevel på eige initiativ gje opplysningar til barnevernstenesta om særskilde grunnar tilseier det. Dette er normalt styrar si oppgåve.

### SAMARBEID HEIM/BARNEHAGE



For å sikre samarbeid mellom heim og barnehage skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

**16. FORELDRERÅD**

Foreldrerådet er sett saman av foreldre/føresette til alle borna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje saker som er av felles interesse for foreldra. Foreldrerådet skal få informasjon om alle saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Når foreldrerådet drøftar spørsmål som må avgjerast ved avstemming, har ein ei stemme for kvart barn.

Foreldrerådet skal velje representantane som skal sitje i samarbeidsutvalet.

**17. SAMARBEIDSUTVAL**

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er sett saman av to foreldre/føresette, valde av foreldrerådet, to tilsette, valde av dei tilsette og ein representant for kommunen, vald av skule-/kulturutvalet.

Saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, verksemda der og tilhøvet til foreldra, skal leggjast fram for samarbeidsutvalet. Slike saker er mellom anna framlegg til budsjett, årsplan, driftsendring, utnytting av ute- og inneareal og rekneskap for eventuelle basarkontoar.

**18. FORELDRESAMTALE**

Barnehagen skal tilby foreldre/føresette to samtaler pr. barnehageår. Ei samtale når barnehageåret er godt i gong om hausten, og ei oppsummeringssamtale om våren. Ut over dette kan begge partar be om samtaler når dei meiner det er trong for det.

**19. ENDRING AV VEDTEKTENE**

Gaular kommunestyre kan endre vedtektene etter tilråding frå Gaular skule- og kulturutval. Nye framlegg skal ut på høyring slik at tilsette og føresette får uttale seg før saka kjem opp i kommunestyret.

Sist revidert juni 2017. Gjeld frå 01.08.2017.